

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.05.2019

Synnøve Solbakken (A) stilte spørsmål om inhabilitet då ho sit som medlem i styringsgruppa for Haugalandspakken.

Solbakken gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Synnøve Solbakken ikkje var inhabil.

Synnøve Solbakken tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Innstillinga pkt. 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt. 2. fekk 2 røyster (V,Sp) og fall.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.